



Jobbnorge ID: 245580

Deadline: 5/29/2023

Website: <http://www.kriminalomsorgen.no/>

Scope: Fulltime

Duration: Permanent

Vil du inspirere og motivere aspirantar til å forvalte og utvikle etatens viktige samfunnsoppdrag?

Spennande stilling som fengselsoverbetjent

Om stillinga

Høgskolen og utdanningssenteret for kriminalomsorga KRUS har ledig ein fast stilling som fengselsoverbetjent kode 1542 i seksjon for studieadministrasjon. Seksjonen består av sju dyktige medarbeidarar med fengselsfagleg og/eller studieadministrativ erfaring og kompetanse. Vi ser etter deg som er utdanna fengselsbetjent, og som har lang og brei kompetanse frå kriminalomsorga. Som fengselsoverbetjent på KRUS er du eit viktig førebilete for aspirantane, og du må identifisere deg med kriminalomsorgas verdier.

I seksjon for studieadministrasjon vil du ha ei viktig rolle i oppfølginga av aspirantane, både personellmessig og i profesjonsretta og administrativt arbeid knytt til fengselsbetjentutdanninga. Stillinga er uniformert og rapporterer til seksjonsleiar for studieadministrasjon.

KRUS er i stor utvikling som høgskule. Vi søker deg som trivst med både utviklings- og forvaltningsoppgåver, og som liker å dele kunnskapen og kompetansen din. Digital utvikling er eit satsingsområde for KRUS, og vi ser etter ein pådrivar for løysingar som vil bidra til å effektivisere og heve kvaliteten på arbeidet vi gjer.

Arbeidsoppgåver

- personaloppfølging for aspirantar
- studietur og internasjonalt samarbeid
- koordinere og vidareutvikle undervisningssamarbeidet med instituttet
- personalsaker og saker om skikkavurdering av aspirantar
- studie- og yrkesrettlegging
- andre oppgåver i seksjonen og i utdanninga

Den som blir tilsett, må rekne med endringar i arbeids- og ansvarsområde.

Utdanning og erfaring

Du må ha

- fullført og bestått fengselsbetjentutdanning frå KRUS og minimum eit års relevant utdanning på høgskole- eller universitetsnivå. Lang arbeidserfaring kan vege opp for krav til utdanning.
- minimum fem års relevant yrkeserfaring
- leiarerfaring frå kriminalomsorga, eventuelt erfaring som rettleiar for aspirantar
- erfaring med undervisning eller anna opplæringsverksemd
- god skriftleg og munnleg framstillingsevne på norsk og engelsk
- god kjennskap til kriminalomsorga og relevant lov- og rammeverk
- gode digitale ferdigheiter

Det er ønskeleg at du har

- kjennskap til universitets- og høgskolesektoren og studieadministrative verktøy
- kjennskap til nåverande studieplan og pensum for fengselsbetjentutdanninga
- relevant høgre utdanning

Personlege eigenskapar

Stillinga krev at du samarbeider godt internt i seksjonen og på tvers av avdelingar. Du må derfor ha gode samarbeidsevner, og vera strukturert, systematisk og effektiv. Oppfølging av aspirantane krev samtidig at du har gode leiareigenskapar, og er fleksibel, utadvend og engasjert. Vi ønsker at du tar initiativ til utvikling og at du evnar å ta avgjerder. Viss du i tillegg har eit jamt godt humør og bidrar til eit godt arbeidsmiljø, kan du vera riktig person for oss!

Vi tilbyr

- kollegaer med høy fagleg kompetanse som brenner for å gi kriminalomsorga gode fengselsbetjentar

- kantineordning, gode treningsmoglegheiter og parkering
- sentral plassering i Lillestrøm, med gangavstand til tog og buss
- meningsfulle oppgåver i ein etat med eit viktig samfunnsoppdrag
- gode pensjons- forsikrings- og låneordningar i Statens pensjonskasse
- fast stilling som fengselsoverbetjent kode 1542, lønte i samsvar med kvalifikasjonar og relevant erfaring etter lønnsregulativet i staten, frå kr 584 000 - 668 000 pr. år, avhengig av kvalifikasjonar. Det blir trekt 2 % innskot til Statens pensjonspensjonskasse.

Generell informasjon

Kriminalomsorga meiner at inkludering og mangfald er ein styrke. Vi ønskjer oss medarbeidarar med ulik kompetanse, livserfaring og perspektiv for å kunne bidra til ei enda betre oppgåveløysing.

Dersom det er kvalifiserte søkjarar med funksjonsnedsetjing, hol i CV-en eller innvandrarbakgrunn, skal vi kalle inn minst éin søkjar i kvar av desse gruppene til intervju.

Kjenner du deg igjen i ein av desse kategoriane, kan du krysse av i jobbsøklarportalen vår. Du kan lese meir om krava for å bli vurdert som [søklar i desse gruppene her](#).

Det må ikkje vere noko å utsetje på vandelen til den som blir tilsett. Dette må dokumenterast med ein uttømmende politiattest før tilsetjing.

Vi gjer merksam på at opplysningar om søkjarar kan bli offentleggjorde sjølv om søkjar har bede om å vere unnateke søkjarlista. Søkjar vil i så fall bli varsla om dette og gjeve høve til å trekkje søknaden.

Den som blir tilsett, må rette seg etter organisasjonsmessige eller andre endringar som blir bestemte om arbeidsområdet.

Nærare opplysningar om stillinga får du ved å vende deg til seksjonsleiar Marie Stanghov Thorstensen på tlf. 90 99 75 85.

For spørsmål om elektronisk utfylling av CV kan Jobbnorge kontaktast på 75 54 22 20.

Om kriminalomsorga

Kriminalomsorga sitt samfunnsoppdrag er å gjennomføre varetektsfengsling og straffereaksjonar på ein måte som er tillitvekkjande for samfunnet og som motverkar strafflagde handlingar. Målet vårt er at den domfelte etter soning skal velje å leve eit kriminalitetsfritt liv. Visjonen vår er «Straff som endrar» og verdiane våre er: tryggleik, openheit og nytenking som er førande for åtferda vår og som organisasjon.

Les meir om [verksemdsstrategien vår her](#). Kriminalomsorga består av Kriminalomsorgsdirektoratet (KDI), Høgskolen og utdanningscenteret for kriminalomsorga KRUS og fem regionar med cirka 60 lokale fengsel og friomsorgskontor.

Høgskolen og utdanningscenteret for kriminalomsorga KRUS er den einaste i Noreg som utdannar fengselsbetjentar og er eit kompetansesenter for kriminalomsorg. Vi har eit viktig samfunnsmandat knytt til å utvikle og formidle kompetanse til kriminalomsorg både i Noreg og i utlandet. Vi tilbyr høgskolekandidatutdanning i straffegjennomføring som kvalifiserer for stilling som fengselsbetjent, eit påbyggingsstudium som fører til graden Bachelor i straffegjennomføring og fleire etter- og vidareutdanningar. I tillegg driv KRUS ein utstrekkt forskings- og utviklingsverksemd.

KRUS har cirka 65 tilsette og held sentralt til i Lillestrøm. Les meir om oss på www.krus.no.

Additional information

Place of service:

Lillestrøm 2000 Lillestrøm (Lillestrøm Municipality)